



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: *KST sal Hareid rådhus*
Dato: *05.02.2015*
Møte tok til *18:00*
Møte slutta *18:45*

Kommunestyret var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset og med kunngjering i Vikebladet/Vestposten.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumentene har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 28.1.2015.

FASTE MEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Stian Runne Brandal	Medlem	AP
Kjersti Røyset Topphol	Medlem	KRF
Marit Øien Sæverud	Medlem	KRF
Einar K. Warholm	Medlem	V
Annika Brandal	Medlem	V
Ann Helen Grimstad	Medlem	V
Worren		
Anders Riise	Ordførar	H
Ottar Røyset	Medlem	H
Alice Strømmegjerde	Medlem	H
Jenny Bjåstad Nasset	Medlem	H
Vidar Vollsæter	Medlem	H
Perny Ann Nilsen	Medlem	FRP
Kjartan Grimstad	Medlem	FRP
Øyvind Grimstad	Medlem	FRP
Truls Håbakk	Medlem	FRP
Dag Audun Eliassen	Varaordførar	FL
Hallgeir Teigene	Medlem	FL
Kristian Fuglseth	Medlem	FL
Ingunn Petrin Pettersen	Medlem	FL
Bjørn Overå	Medlem	FL

FASTE MEDLEMAR SOM IKKJE MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Siv Marit R. Kaldhol	Medlem	AP



VARAMEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Møtte for	Representerar
Renate Kristin Liaset	Siv Marit Røyset Kaldhol	AP
Therese Leine i sak PS 6/15	Anders Riise ugild i sak PS 6/15	H
Therese Leine i sak PS 8/15	Jenny T.B. Nettet ugild i sak PS 8/15	H

FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:

Namn	Stilling
Anne-Karete Mork	Utvalsekretær
Bent Arild Grytten	Rådmann
Trine Falkenstein	Kommunalsjef
Helga Bøe-Grimstad	Leiar servicetorg
Trude Kristin Dalen	Leiar løn og personal

Ordførar Anders Riise leia møtet.

21 voterande

Kommunestyret handsama PS 1/15
Kommunestyret handsama PS 2/15
Kommunestyret handsama RS 1/15
Kommunestyret handsama RS 2/15
Kommunestyret handsama PS 3/15
Kommunestyret handsama PS 4/15
Kommunestyret handsama PS 5/15
Kommunestyret handsama PS 6/15
Kommunestyret handsama PS 7/15
Kommunestyret handsama PS 8/15

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 1/15	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 2/15	Godkjenning av protokoll førre møte	



RS 1/15	Referat saker Møteprotokoll frå møte i Vest kontrollutval, 27.11.2014	2014/243
RS 2/15	Brev til kommunane om opplysningsplikta til barneverntenesta	2014/7
PS 3/15	Politiske saker Høyringsuttale - Overføring av skatteoppkrevjinga til skatteetaten	2015/80
PS 4/15	Søskenmoderasjon Gnist barnehager Holstad 2014	2014/84
PS 5/15	Kommunalt tilskot til Gnist barnehager Holstad 2015	2015/33
PS 6/15	Reguleringsplan - Detaljregulering for Bustadfelt Røyset II - slutthandsaming/eigengodkjenning	2013/882
PS 7/15	Klage på skjenkeløyve - Weekend Pub AS	2014/1470
PS 8/15	Avtale om overføring av justeringsrett og justeringsplikt etter «Lov om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven) og «Forskrift til merverdiavgiftsloven (merverdiavgiftsforskriften).	2015/131

Hareid, 28.1.2015

Anders Riise
ordfører

Anne-Karete Mork
utvalsekretær



POLITISKE SAKER

PS 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunestyret si handsaming:

Det var ingen merknad til innkalling.

Det var fylgjande merknadar til saklista:

PS 6/15 vart handsama fyrst i møtet.

PS 8/15 vart handsama etter PS 6/15.

Resten av sakene gjekk som oppsett på saklista.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling godkjent utan merknad.

Sakliste godkjent med merknad.

PS 2/15 Godkjenning av protokoll førre møte

Kommunestyret si handsaming:

Det var ingen merknad til protokoll frå møte 18.12.2014

Val av to medlemmer til å signere protokollen frå førre møte:

Perny Ann Nilsen og Einar Warholm

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Protokollen frå møte 18.12.2014 vart godkjend utan merknad.

Perny Ann Nilsen og Einar Warholm vart valt til å signere protokollen frå førre møte.



REFERAT SAKER

RS 1/15 Møteprotokoll frå møte i Vest kontrollutval, 27.11.2014

RS 2/15 Brev til kommunane om opplysningsplikta til barneverntenesta

Referatsaker samrøystes teke til vitande.



POLITISKE SAKER

PS 3/15 Høyringsuttale - Overføring av skatteoppkrevjinga til skatteetaten

Kommunestyret si handsaming:

Jenny T.B. Nettet kjem tilbake til møtet. Ho var ugild i PS 8/15.

PS 3/15 vart handsama etter PS 8/15.

Perny Ann Nilsen FRP, fremja fylgjande endringsforslag:

«Hareid kommunestyre er positiv til ei statlegging av skatteinnkrevjarfunksjonen.»

Røysting:

Det vart røysta over tilrådinga opp mot endringsforslaget:

Tilrådinga vedteken med 12 røyster for – 9 røyster mot.

Vedtak:

- 1. Hareid kommunestyre er negativ til forslaget om å statleggjere skatteoppkrevjarfunksjonen.**
- 2. Uttale til høyringa følgjer av merknader til høyringa som gitt i saksframstillinga.**

PS 4/15 Søskenmoderasjon Gnist barnehager Holstad 2014

Kommunestyret si handsaming:

Røysting:

Samrøystes



Vedtak:

I samsvar med *Rundskriv Udir-7-2014 Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager*, vert det overført refusjon for søskenmoderasjon for 2014 til Gnist barnehager Holstad.

Refusjonen for 2014 er på kr 249668

Det er klagerett etter forvaltningslova på vedtaket. Klagen må framsetjast innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

PS 5/15 Kommunalt tilskot til Gnist barnehager Holstad 2015

Kommunestyret si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

1. Med utgangspunkt i revidert rekneskap for kommunale barnehagar 2013 Hareid og innrapporterte plassar ved Gnist barnehager Holstad per 15.12.2014, vedtek Hareid kommune følgjande satsar for offentlig tilskot til Gnist barnehager Holstad for 2015:

	Hareid					
	Per time			Per heltidsplass		
	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt
Tilskudd ordinære barnehager - små barn	84,4	2,0	86,5	182 351	4 385	186 735
Tilskudd ordinære barnehager - store barn	42,7	2,0	44,7	92 228	4 385	96 612

2. Utmåling av tilskot til Gnist barnehager Holstad for 2015:

0-2 år oppholdstimer pr år	109 872
3-6 år oppholdstimer pr år	215 712
Oppholdstimer totalt	325 584
0-2 år heltidsplasser	51
3-6 år heltidsplasser	100
Heltidsplasser totalt	151
Tilskudd drift barn 0 - 2 år	9 275 568
Tilskudd drift barn 3 - 6 år	9 210 476
Kapitaltilskudd	660 909



Sum tilskot 2015	19 146 953
------------------	------------

Det er klagerett etter forvaltningslova på vedtaket. Klagen skal framsetjast innan 3 veker etter at skriftleg melding om vedtak er motteken.

PS 6/15 Reguleringsplan - Detaljregulering for Bustadfelt Røyset II - slutthandsaming/eigengodkjenning

Kommunestyret si handsaming:

Anders Riise H, stiller spørsmål om sin gildskap og trer frå møtet.

Therese Leine H, kjem til i møtet som vara

21 voterande

Han vert samrøystes røysta ugild, jf § 6 b.

Varaordførar Dag Audun Eliassen FL, tek over som leiar i møtet.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

1. Hareid kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan – Detaljregulering for Bustadfelt Røyset II slik den ligg føre, vist på plankart datert 21.01.2014, sist revidert 12.01.2015, PlanId. 20130002, m/tilhøyrande føresegner, planomtale og illustrasjonsplan.
2. Vedtaket under punkt 1 er gjort i medhald av PBL § 12-12 og gjev rettsverknad til planen for alle tiltak som er nemnde i Kap. 20 i same lov (PBL 2008).

PS 7/15 Klage på skjenkeløyve - Weekend Pub AS



Kommunestyret si handsaming:

PS 7/15 vart handsama etter PS 5/15.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Hareid kommunestyret imøtekjem ikkje klagen frå Weekend Pub AS og opprettheld vedtaket som vart gjort i kommunestyremøte 18.12.14 PS 82/14.

Klaga vert oversendt Fylkesmannen for endeleg vedtak.

Grunngjeving: Det er ikkje kome inn nye moment i saka som gjer at vi vil utvide søknaden. Hareid kommune viser til alkohollova og Ruspolitisk handlingsplan som er det vi forhold oss til ved tildeling av skjenkeløyve.

PS 8/15 Avtale om overføring av justeringsrett og justeringsplikt etter «Lov om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven) og «Forskrift til merverdiavgiftsloven (merverdiavgiftsforskriften).

Kommunestyret si handsaming:

Anders Riise H, kjem tilbake og leia møtet.

PS 8/15 vart handsama etter PS 6/15.

Jenny T.B. Nettet H, stiller spørsmål om sin gildskap og trer frå møtet.

Therese Leine H, kjem til i møtet som vara.

21 voterande

Ho vert samrøystes røysta ugild, jf § 6.

Anders Riise H, fremja fylgjande forslag til endring:

Nytt punkt 6:

For byggefeltet Fremste Teigane vedtek ein ei fordeling med refusjon mva 80 % på utbygger og 20 % på kommunen, dette med bakgrunn i tidlegare inngåtte avtalar.

Punkt 2:

Endre til: 60 % utbygger og 40 % kommune



Røysting:

Det vart røysta slik:

Punkt 1, 3, 4, 5 og 6 - samrøystes vedteke

Endringsforslaget i punkt 2 vart røysta opp mot tilrådinga – fall med 9 røyster for – 12 røyster mot.

Vedtak:

1. Hareid kommunestyre godkjenner bruk av framlagt utkast til avtale om overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift mellom aktuelle utbyggjarar og kommunen med dei eventuelle justeringar og korrigeringar som er naudsynte.

2. Fordelinga av samla meirverdiavgift som blir tilbakeført, skal fordelast med h.h.v 40 % til utbyggjar og 60 % til kommunen. Fordelinga kan i særlege høve endrast både i utbyggjar og kommunen sin favør viss det i godkjent utbyggingsavtale er avtalt særleg omfattande tiltak i utbygginga.

3. Ved avtale om overtaking av justeringsplikt etter punkt 2 skal kommunen som hovudregel ha eitt administrasjonsgebyr på kr 15 000. Administrasjonsgebyret skal justerast i samsvar med utvikling i konsumprisindeksen for det enkelte år.

4. Hareid kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å forhandle fram aktuelle mva-justeringsrettsavtalar og underteikne desse på bakgrunn av politisk godkjende utbyggingsavtalar med aktuelle utbyggjarar.

5. Tilbakebetaling av meirverdiavgift som følgje av justeringsrett skal i følgje notat frå GKRS rekneskapsførast i investeringsrekneskapan, og kan følgjeleg ikkje nyttast til drift. Rådmannen rår til at Hareid kommune følgjer det som til ei kvar tid er gjeldande regelverk.

6. For byggefeltet Fremste Teigane vedtek ein ei fordeling med refusjon mva 80 % på utbyggjar og 20 % på kommunen, dette med bakgrunn i tidlegare inngåtte avtalar.



Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Anders Riise
Ordfører
